

# RADØY KOMMUNE

## Sakspapir

SAKSGANG			
Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr	Saksansv.
Formannskapet	07.03.2005	040/05	LTA
Kommunestyret	31.03.2005	019/05	LTA
Formannskapet	27.04.2005	063/05	LTA
Formannskapet	16.06.2005	102/05	LTA
Kommunestyret	30.06.2005	038/05	LTA

<b>Avgjerslemynde:</b> Kommunestyret <b>Sakshandsamar:</b> Leif Taule	<b>Arkiv:</b> K2-U63 <b>Objekt:</b>	<b>Arkivsaknr</b> 2005000026
--	--	---------------------------------

### SØKNAD OM UTVIDA SKJENKETID PÅ TERRASSE - KVALHEIM FRITIDSENTER AS

#### Dokumentliste:

Nr	T	Dok. dato	Avsender/Mottakar	Tittel
12	I	23.05.2005	Kvalheim Fritidsenter AS	Søknad om permanent utvida skjenketid på terrasse
13	U	24.05.2005	Lensmannen i Radøy; Sosialtenesta i Radøy	Søknad om utvida skjenketid på terrasse
15	I	27.05.2005	Lensmannen i Radøy	Vedr søknad om utvida skjenketid

**Vedlegg i saka:** (Dok. 12)

#### Saksutgreiing:

Kvalheim Fritid AS søker om permanent utviding av skjenketid på terrasse. Dette med bakgrunn i erfaring som er gjort sidan dei opna serverings-/skjenkestaden i mai månad. Grunngevinga kjem fram av vedlagte skriv (dok. 12).

Lensmannen har ikkje merknader til søknaden.

#### Vurdering

Rådmannen har ikkje særlege merknader til grunngjevingane frå søkjar og ser på desse som relevante. Skjenkelokala m/terrasse for søkjar ligg klart til rette for at det bør kunne vera same skjenketider inne som ute, og terrassen er godt skjerma og ligg elles godt skjerma i forhold til omgjevnadene. Rådmannen vil difor rår til at skjenketidene vert dei same både inne og utandørs for denne skjenkestaden. Vi viser elles til at Lindås kommune for tida også drøftar skjenketidene utandørs der ein vurderer desse opp mot reglane som gjeld i Bergen kommune.

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kvalheim Fritidsenter AS får høve til å nytta same skjenketider utandørs som innandørs frå 1. juli 2005.

## **16.06.2005 FORMANNSKAPET**

Formannskapet rådde med 6 mot 1 røyst (KrF) kommunestyret til å vedta rådmannen sitt framlegg til vedtak.

### **FS-102/05 VEDTAK:**

Kvalheim Fritidsenter AS får høve til å nytta same skjenketider utandørs som innandørs frå 1. juli 2005.

## **30.06.2005 KOMMUNESTYRET**

Kommunestyret vedtok formannskapstilrådinga med 22 mot 3 røyster. (KrF og Skjelvik)

### **KS-038/05 VEDTAK:**

Kvalheim Fritidsenter AS får høve til å nytta same skjenketider utandørs som innandørs frå 1. juli 2005.